



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Møteprotokoll

Utvalg: AU i verneområdestyret for SVR

Møtested: Skype-møte

Dato: 14.02.2020

Tidspunkt: 08:00

Varighet: 2 timer

Følgende faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon
Bjørn Laugaland	Styreleder
Jonny Liland	Medlem
Gerd Helen Bø	Medlem
Steinar Kyrvestad	Medlem
Inger Lise Lund Stulien	Medlem

Fra administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Alf Odden	Verneområdeforvalter
Jørn Haug	Verneområdeforvalter
Guro Sødergren	Verneområdeforvalter

Underskrift:

Vi bekrefter med underskriftene våre at det som er ført på de sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

Bjørn Laugaland

Jonny Liland

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold
AU 6/20	Godkjenning av innkalling og saksliste
AU 7/20	Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar
AU 8/20	Orienteringssaker
AU 9/20	Søknad om dispensasjon til motorferdsel og til riving av eksisterande anleggsbrakke og bygging av ny sankehytte i Grasdalen i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 40/2, Suldal kommune - Øyvind Kjetilstad
AU 10/20	Søknad om motorferdsel og etablering av solcellepanel på takene til Stranddalen turisthytte i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 39/1, Suldal kommune - Stavanger turistforening
AU 11/20	Søknad om dispensasjon til å legge om turiststi (sommerløype) mellom Ådneram og turisthytte ved Taumevatn, Stavanger Turistforening
AU 12/20	Søknad om å arrangere turrenn i Åseral kommune - " Skoræ rundt" 7 mars 2020, Ljosland Skisenter v/ Gunvor Ljosland
AU 13/20	Søknad om utviding av hytte. Bossbustøylen 50/68. Arild Stene. Valle kommune
AU 14/20	Søknad om dispensasjon til bygging av sperredam i Østre Meraktjødn og kanal og tunellinntak i Søndre Meraktjødn, Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 1/8, Sirdal kommune - Sira-Kvina kraftselskap
AU 15/20	Eventuelt

AU 6/20 Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 14.02.2020

ok

AU 7/20 Val av en representanter til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar

Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 14.02.2020

Jonny Liland skriver under protokoll sammen med styreleder.

AU 8/20 Orienteringssaker

Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 14.02.2020

Orienteringer ble tatt under eventuelt.

AU 9/20 Søknad om dispensasjon til motorferdsel og til riving av eksisterande anleggsbrakke og bygging av ny sankehytte i Grasdalen i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 40/2, Suldal kommune - Øyvind Kjetilstad

Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 14.02.2020

Handsaming i møte

Forvaltars innstilling vart samrøystes vedtatt.

Forvalters innstilling

I medhald av kapittel III og kapittel IV, punkt 1, bokstav d i Forskrift om vern av Dyraheio landskapsvernområde, får Øyvind Kjetilstad dispensasjon til å rive eksisterande anleggsbrakke og bygge ny sankehytte i Grasdalen.

Den nye sankehytta kan ha eit areal på inntil 30m² (BYA) inkludert eventuell uthus og utedo. Det nye bygget skal plasserast maksimalt 30m frå eksisterande brakke.

Sankehytta skal ikkje ha veranda eller platting. Om avstanden mellom bakken og hytta overstig 50 cm skal det forblendast med tørrmur av stein.

Dispensasjonen blir gjeve med desse vilkåra:

- Det må innhentast nødvendige løyver frå Suldal kommune.
- Hytta må skilja seg minst mogleg frå naturomgjevnadane omsyn til utforming og overflatebehandling.
- Byggearbeida må skje så skånsamt som råd i høve til naturomgjevnadane.
- Alt avfall frå riving og bygging må fjernast og handterast etter gjeldande reglar og standardar.
- Eksisterande brakke må være fjerna innan 01.08.2022.
- Dispensasjonen gjeld fram til 14.02.2023.


I medhald av kapittel III og kapittel IV, punkt 3. 1 i Forskrift om vern av Dyraheio landskapsvernområde, får Øyvind Kjetilstad dispensasjon til å bruke helikopter til transport av nødvendig utstyr, byggematerialar og rivingsavfall i samband riving og bygging av ny sankehytte i Grasdalen i Dyraheio landskapsvernområde.

Dispensasjonen gjeld for inntil 20 transportar for tidsrommet 15.05-15.08.2020.
Transportane skal bruke landingspunkt og flygeruter på kartet under.

Dispensasjonen blir gjeve med desse vilkåra:

- Flyginga mellom landingspunktene skal skje etter kortaste rute.
- For å redusere forstyrring av bufe, vilt og fotturistar, skal helikopteret så langt det er råd ikkje flyge lågare enn 300 m over bakken mellom landingspunktene.
- Om det blir observert villrein nær landingspunktene skal transportane avventast til faren for forstyrring er over.

Kart over landingspunkt og flygeruter



Sankehytta skal erstatte eksisterande bygning slik at påverknaden av landskapet ikkje blir endra i vesentleg grad. Bruken av bygningen vil heller ikkje endre seg.

AU 10/20 Søknad om motorferdsel og etablering av solcellepanel på takene til Stranddalens turisthytte i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 39/1, Suldal kommune - Stavanger turistforening

Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 14.02.2020

Handsaming i møte

Forvaltars innstilling vart samråystes vedtatt.

Forvalters innstilling

I medhald av kapittel III og kapittel IV, punkt 1, bokstav a i Forskrift om vern av Dyraheio landskapsvernområde, får Stavanger turistforening dispensasjon til å montere solcellepanel på takflatene til eksisterande bygningar i anlegget Stranddalens turisthytte. Dispensasjonen omfattar montering av solcellepanel på eit samla areal inntil 257m². Det er ein føresetnad for dispensasjonen at solcellepanela ikkje reflekterer sollys på ein måte som er negativ for opplevelinga av landskapet eller verkar skremmande for villreinen.

AU vil presisere at denne dispensasjonen ikkje må oppfattast som generell aksept av solcellepanel på hyttetak. Erfaringane frå Stranddalens vil være avgjerande for om det kan være aktuelt å gi liknande dispensasjoner til andre hytter eller turisthytter.

Dispensasjonen blir gjeve med desse vilkåra:

- Det må innhentast nødvendige løyver frå grunneigar og Suldal kommune.
- Byggearbeida må skje så skånsamt som råd i høve til naturomgjevnadane.
- Alt avfall frå bygginga må fjernast og handterast etter gjeldande reglar og standardar.

I medhald av kapittel III og kapittel IV, punkt 3. 1 i Forskrift om vern av Dyraheio landskapsvernområde, får Stavanger turistforening dispensasjon til å bruke helikopter til transport av nødvendig utstyr og byggematerialar i samband med etablering av solcellepanel på taket til Stranddalens turisthytte i Dyraheio landskapsvernområde.

Dispensasjonen gjeld for inntil 50 transportar for tidsrommet 01.05-20.06.2020. Transportane skal bruke landingspunkt og flygeruter på kartet under.

Dispensasjonen blir gjeve med desse vilkåra:

- Flyginga mellom landingspunktene skal skje etter kortaste rute.
- For å redusere forstyrring av bufe, vilt og fotturistar, skal helikopteret så langt det er råd ikkje flyge lågare enn 300 m over bakken mellom landingspunktene.
- Om det blir observert villrein nær landingspunktene skal transportane avventast til faren for forstyrring er over.

Kart over landingspunkt og flygeruter



AU 11/20 Søknad om dispensasjon til å legge om turiststi (sommerløype) mellom Ådneram og turisthytte ved Taumevatn, Stavanger Turistforening

Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 14.02.2020

Handsaming i møte

Forvaltars innstilling vart samrøystes vedtatt.

Forvalters innstilling

I henhold til forskrift om vern av Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane landskapsvernombordet kap. IV pkt. 1.3 d får Stavanger Turistforening tillatelse til å legge om en liten del (200m) av sommerløypa fra Ådneram til Taumevatn.

Vilkår

- Gammelt skrot og treverk skal fjernes fra den delen av stien som omlegges.
- Gammel merking skal fjernes.
- Myrpartier skal restaureres slik at stygge sår ikke er synlige.
- Ny sti kan merkes. Samt klopp- legges de siste 10meter ned mot Holmevatn. *Merkehåndboka- tilrettelegging og synliggjøring av turruter, 2019, skal brukes.*
- Det må innhentes grunneiers tillatelse.
- Tiltaket skal være ferdig innen 1.november 2020.

Arbeidsutvalget gir positivt svar på søknaden angående omlegging av stien. Vi mener tiltaket vil være et hensiktsmessig grep som en del av restaurering og få en positiv effekt på naturmiljø.

AU 12/20 Søknad om å arrangere turrenn i Åseral kommune - " Skoræ rundt" 7 mars 2020, Ljosland Skisenter v/ Gunvor Ljosland

Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 14.02.2020

Handsaming i møte

Forvaltars innstilling vart samrøystes vedtatt.

Forvalters innstilling

I medhold av kapittel 4, punkt 4.1 i forskrift om vern av Setesdal Vesthei og Ryfylkeheine landskapsvernombordet får Ljosland Skisenter tillatelse til å bruke motorisert ferdsel til turrennet «Skoræ rundt» 7 mars 2020.

I medhold av § 48 i naturmangfoldloven får Ljosland skisenter bruke snøskuter i forbindelse med transporter knyttet til frakt av utstyr og mannskap.

- To transporter i forkant av rennet med maks to snøskutere med slede for planlegging av plassering av poster samt skilting.
- En transport med maks to snøskutere med slede i forbindelse med frakt av utstyr til Lakkenstova dagen før rennet.
- Fem snøskutere med slede i forbindelse med sikringsposter samt oppsamlingsrunde med fjerning av søppel/skilting osv løpsdagen 30 mars.

Tillatelsen gjelder 6 og 7 mars 2020.

Andre vilkår:

- Godkjent løyvet om maskinpreparering må foreligge etter forskrift om vern av Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiene.
- Dette løyvet er bare gyldig sammen med kommunalt løyve etter Lov om motorferdsel i utmark og islagte vassdrag.
- Dersom transporten går over andre sin eiendom, må innehaver av løyvet selv innhente samtykke fra grunneier.
- Løyvet skal alltid være med under arrangementet.
- Løyvet kan trekkes tilbake på kort varsel i perioder dersom hensyn til viltet krever det.
- Dersom det observeres villrein langs kjøreruta skal turen avventes til faren for forstyrrelser ikke lenger er tilstede.
- Alt av søppel ol. etter gjennomført arrangement skal ryddes opp innen 7 mars.

AU 13/20 Søknad om utviding av hytte. Bossbustøylen 50/68. Arild Stene. Valle kommune

Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 14.02.2020

Handsaming i møte

Forvaltars innstilling vart samrøystes vedtatt.

Forvalters innstilling

Med heimel i *Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiene landskapsvernområde* kap. 1.3.c gir arbeidsutvalet løyve til tilbygg på inntil 9 m² BYA på aktuelle støylsbu gnr. 50, bnr. 68 i Valle kommune. Total storleik på støylsbua vil etter dette vera 40 m² BYA. Tilbygget skal settast opp med bindingsverk og med liggjande kledning tilsvarende det som er på støylsbua i dag. Tilbygget skal beisast mørk brun slik det er på støylsbua i dag. Taktekke skal vera torv. Til fundament skal det nyttast handstein som vert graven ned på morenemassen tilsvarende som på den gamle delen. Arbeidsutvalet syner her til søknad vidaresendt frå Valle kommune 23.12.2019, reviderte teikningar datert 16.1.2020 frå søker og utfyllande informasjon sendt frå søker i mail datert 6.2.2020.

Andre vilkår:

- Utforming, materialval og plassering av tilbygget skal løysast på ein slik måte at verdien knytt til kulturmiljøet på staden vert ivaretake. Tiltakshavar må avklare dette i samråd med fylkeskonservator før ein sett i gong bygging.
- Som følgje av ferdelsforbodet i området skal byggearbeidet skje utanom perioden 25.4 – 31.5.
- Avfall frå byggearbeidet skal transporterast ut og leverast på godkjend mottak.
- Søkar har sjølv ansvaret for å hente inn naudsynt løyve frå heimelshavar og Valle kommune.
- Dispensasjonen gjeld fram til 1.3.2023. Forvaltningssekretariatet skal ha melding straks byggetiltaket er ferdig.

Ved trøng for motorisert transport må dette søkast særskilt.

Arbeidsutvalet legg vekt på at eksisterande støylsbu er av moderat storleik og utan andre uthus. Det er trøng for utviding for å betre lagringsplassen. Verneområdestyret har tidlegare tillate utviding av andre støylsbuer i same område. Tilbygget er av moderat storleik og skal utformast lik eksisterande bygning. Det er frå før 3 andre nærliggjande støylsbuer i området.

AU 14/20 Søknad om dispensasjon til bygging av sperredam i Østre Meraktjødn og kanal og tunellinntak i Søndre Meraktjødn - 1/8, Sirdal kommune - Sira-Kvina kraftselskap

Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 14.02.2020

Handsaming

Vurdering av ugildskap

Jonny Liland ba om at AU vurderer om han er ugild i saka. Liland er tilsett i Sira-Kvina kraftselskap men har nå permisjon frå stillinga i tida han er ordførar. Som tilsett i Sira-Kvina kraftselskap har Liland tidlegare vore med å førebu den opphavelege konsesjonssøknaden. Dette knytt til naudsynt avtaleverk med råka grunneigarar. Saka som nå vert lagt fram gjeld justering av tidlegare gjeven konsesjon.

AU drøfta om Liland var ugild. Liland deltok ikkje i drøftinga. AU konkluderte samrøystes med at Liland var ugild. Dette grunngjeven med at saka byggjer på tidlegare konsesjon der Liland har vore involvert.

AU ber om at vedtaket om ugildskap vert kvalitetstssika av Fylkesmanne i Agder.

Handsaming av saka

Samrøystes vedteken i tråd med innstilling.

Forvaltersinnstilling

I medhald av kapittel III, kapittel IV, punkt 1.1 i verneføreskrift for Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde og §48 i naturmangfaldslova, får ikkje Sira-Kvina kraftselskap dispensasjon til å bygge tunellinntak og tilhøyrande kanal i Søndre Meraktjødn eller sperredam ved utløpet av Østre Meraktjødn som påverkar vasstanden i Østre og Søndre Meraktjødn.

Tiltaka det er søkt om blir vurdert til å ha ein nemneverdig negativ innverknad på verneverdiene knytt landskapet. Dei positive verknadene knytt til kortare anleggsperiode blir ikkje vurdert til å være så store at dei kan kompensere for permanente inngrep i verneområdet. Det kan derfor ikkje gis dispensasjon etter naturmangfaldlova sin §48, første ledd.

Det må presiserast at OED har allereie gitt konsesjon og SVR dispensasjon til eit anna alternativ av Merakkreguleringa.

AU 15/20 Eventuelt

Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 14.02.2020

- *Øvingsplan for hjelpekorpsa*

Forvaltar Guro Sødergren gjorde greie for ny øvingsplan for de frivillige hjelpekorpsa i Sirdal sendt inn av lensmannskontoret i Sirdal.

Etter forvaltningssekretariatets vurdering har denne store manglar i høve til dei nasjonale føringane gjeven av Miljøverndepartementet (nå Klima- og Miljødepartementet) og Justisdepartementet datert 31.01.2013.

Konkret gjeld det omfanget av kjentmannsturar, fastsetting av trasear i kart og at fleire kjentmannsturane er lagt til særleg sårbare delar av verneområdet. Slik saka står no kan ikkje forvaltningssekretariatet gi løyve til hjelpekorpsa sin øvingsverksemd basert på denne øvingsplanen.

Saka vart drøfta i møte mellom forvaltar, Fylkemannen i Agder, lensmannen i Sirdal med politibetjent samt politioverbetjent frå Stavanger i møte 10.2.2020. Møtet synte at det er stor avstand mellom verneområdeforvaltninga og Politiet sør-vest om korleis øvingsverksemda innanfor verneområdet skal gå føre seg.

Arbeidsutvalet ga full støtte til korleis forvaltar har handtert saka. Friviljuge organisasjonar gjer ein viktig jobb i høve til beredskap i fjellområde. Verksemda må likevel vera innanfor ramma av verneforskrifta og dei føringar som er gjeven frå departementa.

Arbeidsutvalet ber om at verneområdestyret vert orientert om saka i neste styremøte 18.3.2020. Arbeidsutvalet ber om at protokollen frå arbeidsutvalet 14.2.2020 sak 15/20 vert førelagt lensmannskontoret i Sirdal og Politiet sør-vest.

- *Vintergolf i Hovden landskapsvernombord*

Forvaltningssekretariatet har fått ein søknad om vidareføring av løyvet til dette arrangementet. Slik forvaltar vurderer det er ikkje denne type arrangement regulert i verneforskrifta.

Det er difor berre Bykle kommune som må handsame saka etter motorferdsellova. Søkar vert informert om dette.